



Øystre Slidre kommune  
- rein naturglede!

2026 - 2029

# Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet



## Innhald

1. Innleiing og bakgrunn for planen .....	3
1.1 Klargjering av omgrep .....	3
2. Planprosess og medverking.....	4
3. Statlege og fylkeskommunale føringar .....	5
3.1 Lovverk.....	6
3.2 Statlege føringar og strategiar .....	6
3.3 Regionale og kommunale føringar og strategiar .....	6
3.4 Andre relevante planar .....	7
4. Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i andre planer i kommunen.....	7
4.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel, 2020 – 2032 .....	7
4.2 Oppvekstplan for Øystre Slidre kommune 2023 – 2026 .....	8
4.3 Kommunedelplan for helse og omsorg, 2025 – 2028 .....	8
4.4 Sti- og løypeplanen 2022-2026 .....	8
5. Resultatoppnåing i førre plan.....	8
5.1 Resultatoppnåing - anlegg 2018 – 2021.....	9
6. Utviklingstrekk i kommunen .....	9
6.1 Befolkning .....	9
6.2 Oppvekst og levekår.....	9
6.3 Helserelatert åtferd.....	10
6.4 Folkehelsebarometer 2023/2024 .....	10
7. Tilbod innan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i kommunen .....	11
8. Nye anlegg i planperioden .....	12
8.1 Planlagde nye anlegg i planperioden .....	12
Oppgradering av skiskyttaranlegget.....	13
Tilrettelegging av stigar og løyper.....	13
Løyper som passar alle .....	13
Frisbeegolfbane.....	13
Trillestig langs Grønn 4 til Abbortjern .....	13
8.2. Anlegg det er meldt behov for .....	14
8.3 Varierte og tilgjengelege anlegg i heile kommunen.....	15

9. Handlingsdel .....	16
9.1 Mål og aktuelle tiltak.....	16
9.1.1 Barn og unge .....	16
9.1.2 Fysisk inaktive.....	16
9.1.3 Menneske med nedsett funksjonsevne .....	17
9.2 Nye anlegg.....	18
9.2.1 Følgjande ordinære anlegg er planlagt i 2025-2029 .....	18
9.2.2 Følgjande nærmiljøanlegg er planlagt i 2025-2029 .....	18
9.3 Drift og vedlikehald .....	19
9.4 Finansiering.....	19

### 1. Innleiing og bakgrunn for planen

*Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 – 2029* er ein temaplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Planen skal vere eit styringsdokument for politikarar og administrasjon i kommunen i prioriteringa av spelemiddelsøknadar, og eit verktøy for å styrke befolkninga sin fysiske aktivitet. Tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet er viktige tiltak for ei betre folkehelse, inkludert både fysisk og psykisk helse.

Kommunedelplanen byggjer vidare på *Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet for 2022 – 2025*, der mykje av innhaldet er vidareført. I den nye planen har vi innlemma friluftsliv i tittelen for å synleggjere fokuset på friluftsliv. Kommunedelplanen beskriv delvis dagens situasjon for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i kommunen.

Idrett og fysisk aktivitet engasjerer mange menneske på fritida, og betre tilrettelegging for fysisk aktivitet kan vere med på å gje god helsegevinst for fleire. Det er viktig med god planlegging slik at ein kan ta vare på desse interessene i arealforvaltninga, og få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane. Aktivitetsnivået er stort, men det er framleis viktig å legge gode planar for å oppretthalde, skape og drive idrett og fysisk aktivitet.

Det er eit krav om at revisjon av planen skal skje kvart fjerde år. Den nye planen vil gjelde for perioden 2026-2029. Kommunedelplanen er utarbeidd i tråd med Kulturdepartementet si rettleiing «*Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*». Kulturdepartementet set som krav at ein må ha ein godkjent kommunedelplan som omhandlar idrett og fysisk aktivitet for å kunne søke om statlege spelemidlar. Handlingsplanen skal rullerast årleg (jf. Plan- og bygningslova § 11-2 ledd 3). Rulleringa skjer i samarbeid med Idrettsrådet. Innspel kan sendast inn årleg, innan utgangen av august.

#### 1.1 Klargjering av omgrep

**IDRETT:** Idrett er aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.<sup>1</sup>

**FYSISK AKTIVITET:** Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, som friluftsliv og aktivitetar prega av lek.<sup>2</sup>

**FRILUFTSLIV:** Miljøverndepartementet definerer friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Kulturdepartementet har valt å la friluftsliv gå inn i omgrepet fysisk aktivitet.<sup>3</sup>

**ORDINÆRE ANLEGG:** Ordinære anlegg siktar til anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Maksimal stønadsgrense varierer frå anlegg til anlegg. Informasjon om dette finn ein i *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2025*.<sup>4</sup>

---

<sup>1</sup> Henta frå veileder om *Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*, revidert 2014

<sup>2</sup> Henta frå veileder om *Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*, revidert 2014

<sup>3</sup> Henta frå veileder om *Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*, revidert 2014

<sup>4</sup> [https://www.regjeringen.no/contentassets/9d31309fb57640c2a3a03c7e935457c2/v-0732-b\\_2024\\_-.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/9d31309fb57640c2a3a03c7e935457c2/v-0732-b_2024_-.pdf)

**NÆRMILJØANLEGG:** Nærmiljøanlegg er anlegg eller område utandørs tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg ligg som oftast i tilknytning til bu- og eller opphaldsområde. Anlegga skal vere fritt tilgjengelege og i fyrste omgang vere retta mot barn og ungdom, og dei skal ha universell utforming.

**SPELEMEDEL KNYTT TIL NÆRMILJØANLEGG:** Hovudregelen er at statlege spelemidlar dekker 50 prosent av totalkostnad, inntil maksimal stønadsgrense på kr 300.000. Nedre godkjende kostnadsramme er kr 50.000, medan øvre kostnadsramme er kr 600.000. Det kan søkast om tilskot til nærmiljøanlegg som er fritt, allment tilgjengeleg for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Målgruppa er særleg barn og ungdom (6-19 år), men også lokalbefolkninga elles. Ein kan søke om tilskot til rehabilitering av nærmiljøanlegg etter nærare bestemming. Tilskot blir berre gjeve til nærmiljøanlegg der kostnadane av tilskot overstig kr. 50.000 (minimumstilskot kr. 25.000). Endringar i reglane for spelemedel kan førekomme, jamfør *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2025*.

## 2. Planprosess og medverking

Kommunedelplanen er ei vidareføring av gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Utarbeidinga av planen har fylgt plan- og bygningslova sine føringar for sakshandsaming og involvering. Planen er saman med *Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2029* og dei økonomisk styrande dokumenta handlings- og økonomiplan med dei årlege budsjetta, overordna og retningsgjevande for kommunal planlegging og forvaltning innanfor dette fagområdet.

Arbeidet med kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er utført i samarbeid mellom Øystre Slidre kommune, Øystre Slidre idrettsråd, friviljuge lag, og skulane og barnehagane i kommunen. Plangruppa har bestått av kultursjefen, leiar i idrettsrådet, folkehelsekoordinator og ein arealplanleggar frå planavdelinga.

Medverking og forankring er sikra gjennom oppstarts- og høyringsprosessar. Oppstarten av planarbeidet har vore annonsert på heimesida til kommunen, i Avisa Valdres, gjennom sosiale media og i e-post til alle frivillige lag. Høyringa har vore kunngjort med brev til Statsforvaltaren i Innlandet og andre statlege og regionale myndigheiter.

Friviljuge lag og foreiningar, organisasjonar, skular, barnehagar og andre vart inviterte til å koma med innspel og uttale ved varsel om oppstart av planen. Brev med informasjon om prosessen vart sendt ut 24. mars 2025, med svarfrist 9. mai. Kommunen fekk inn fire (4) innspel til oppstartsvarselet innan fristen. Dei innkomne innspela vert presentert i kapittel 8, der dei er kategorisert etter tematikk.

Komiteen for oppvekst og kultur vedtok å legge ut 1. utkast av planen på offentleg høyring 21.08.25. Grunna feil i kunngjeringa, laut plana ut på ny høyring i perioden 27.10.25 - 08.12.25. Det kom til saman inn 9 innspel til planen i høyringsperiodane.

Grunna utvida høyringsperiode, vart ikkje planen vedteken innan kommunestyret si behandling av innkomne spelemiddelsøknader for 2026. Prioriteringa av spelemiddelsøknader (rullering av handlingsplanen) for 2026 vart vedteke i kommunestyresak 61/25.

Milepæl	Kva skal vere gjort / gjerast	Vedtak
24.03.25 - 28.03.25	Varsel om oppstart - Brev og info til lag og organisasjonar og på kommunen sine nettsider  Kunngjering i Avisa Valdres	
09.05.25	Frist for innspel	
19.05.25	Sak om oppstart av planarbeid	Kommunestyrekomiteen for oppvekst og kultur
26.05.25	Møte i plangruppa	
18.08.25	Administrasjonen ferdig med plan	
21.08.25	Vedtak om å legge planen ut på høyring	Kommunestyrekomiteen for oppvekst og kultur
02.09.25	KDP vert lagt ut på høyring	
14.10.25	Høyringsfrist	
27.10.25	KDP vert lagt ut på ny høyring	
11.12.26	Spelemiddelsøknadene for 2026 ferdig handsama frå administrasjonen	
18.12.25	Rullering av handlingsdel / prioritering av spelemiddelsøknadar for 2026	Kommunestyret
15.01.26	Frist for oversending av spelemiddelsøknadar til fylket	
03.02.26	Planen ferdig handsama frå administrasjonen	
10.02.26	Innstilling i saka om revidering av kommunedelplanen	Kommunestyrekomiteen for oppvekst og kultur
	Endeleg vedtak for revidering av kommunedelplanen	Kommunestyret

### 3. Statlege og fylkeskommunale føringar

Tilrettelegging for fysisk aktivitet skal varetakast i planlegging. Det er eit sentralt mål at folk skal ha høve til å kunne utøve idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Dette gjeld både idrett i regi av idrettsorganisasjonar og eigenorganisert fysisk aktivitet.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (jf. pbl § 6-1), og i 2023 vart *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* lagt fram<sup>5</sup>. Kommunane skal følgje opp dei nasjonale forventningane i planstrategiar og planar. Kommunen skal leggje til rette for fysisk aktivitet for heile befolkninga, mellom anna ved å sikre at areal av god kvalitet vert sett av til grøntstruktur, uterom og møteplassar som kan stimulere til fysisk aktivitet, naturopplevingar og utvikling av fellesskap<sup>6</sup>.

<sup>5</sup> *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*. Kommunal- og distriktsdepartementet, 2023

<sup>6</sup> *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*. Kommunal- og distriktsdepartementet, 2023

## Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 - 2029

Mål og rammer for den nasjonale politikken innanfor områda idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er i stor grad nedfelt i fylgjande lovar og rettleiingar:

### 3.1 Lowerk

- Friluftsløven, 1957, sist endra i 2025
- Kulturlova, 2007, sist endra i 2024
- Plan- og bygningsloven, 2008, sist endra i 2024
- Naturmangfoldloven, 2009, sist endra i 2025
- Folkehelseløven, 2012, sist endra i 2025
- Likestillings- og diskrimineringsloven, 2018, sist endra i 2024

### 3.2 Statlege føringar og strategiar

- *Nasjonale handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder* (Miljøverndepartementet, 2013)
- *Et samfunn for alle. Regjeringens strategi for likestilling av menneske med funksjonsnedsettelse for perioden 2020-2030* (Barne- og likestillingsdepartementet, 2018)
- *Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029* (Helse- og omsorgsdepartementet, 2020)
- *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2023)
- *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2024). *Årlige bestemmelser.*
- Meld. St. 21 (2024-2025) *Folkehelsemeldinga. Helse for alle.* (Helse- og omsorgsdepartementet, 2025)
- Meld. St. 10 (2018-2019) *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig*
- Meld. St. 18 (2015-2016) *Friluftsliv – natur som kilde til helse og livskvalitet*

### 3.3 Regionale og kommunale føringar og strategiar

- Kommuneplanen sin arealdel, 2016 – 2028, Øystre Slidre kommune (*arealdelen av kommuneplanen er under revidering*)
- Kommuneplanen sin samfunnsdel, 2020 – 2032, Øystre Slidre kommune
- Kommunedelplan for helse og omsorg, 2021 – 2025, Øystre Slidre kommune
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, 2022 – 2025 (gjeldande kommunedelplan)
- Sti- og løypeplan 2022 – 2026, Øystre Slidre kommune
- Oppvekstplan for Øystre Slidre kommune 2023-2026
- Kommunen sin planstrategi, 2024-2027
- Økonomiplan for 2025 – 2028, Øystre Slidre kommune
- Innlandsstrategien, handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2023-2028

- Frivilligstrategi for Innlandet fylkeskommune 2026-2034

### 3.4 Andre relevante planar

- Idretten vil! Langtidsplan for norsk idrett 2023-2027

## 4. Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i andre planer i kommunen

Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er tema også i andre kommunale planer. Vidare vil dei viktigaste planane verte kort presentert, inkludert korleis dei inkluderer omsynet til desse temaa.

### 4.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel, 2020 – 2032

Kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er underlagt kommuneplanen, som er styrande for all kommunal verksemd. I kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2032 er fleire avsnitt relevante for denne planen.

Link til planen finn du [HER](#).

#### **Visjon, verdier og satsingsområde**

Visjonen til Øystre Slidre kommune er rein naturglede. Me vil arbeide for at flest mogleg skal få oppleve gleder ved å vera i storslåtte landskap utan skjemmande inngrep og ureining.

Gjennomsnittleg levealder i Noreg stig, og særleg i distriktskommunane er det høg del eldre i befolkninga. Høg levealder kan tyde på at innbyggjarane er ved god helse og at me har gode velferdsordningar.

Øystre Slidre kommune skal bidra til utvikling og vekst i heile Valdres. Me skal vera positive til samarbeid på tvers av kommunane innan tenesteområda, også innan idrett, natur og kultur.

#### **Gode lokalsamfunn**

Ved å delta i meningsfylte kultur- og fritidsaktivitetar blir livskvaliteten positivt påverka for kvart enkelt menneske. Friviljuge organisasjonar, lag og foreiningar er viktige drivkrefter bak mange oppgåver utanfor det offentlege sine primæroppgåver.

Fysisk aktivitet er viktig for alle menneske og er ei god helseforsikring. Ved å bruke kroppen kan me førebygge både fysiske og psykiske skader.

Me skal leggje til rette for fysisk aktivitet ved å ha gode idretts- og nærmiljøanlegg, stigar og løyper, som fremjar aktivitet hjå alle.

Me skal vidareutvikle Furustrand som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde.

#### **Næringsutvikling og innovasjon**

Me skal leggje til rette for auka aktivitet og næringsutvikling gjennom visjonen Rein naturglede.

## Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 - 2029

Utbygging av hytte og reiseliv skal ta omsyn til naturkvalitetane i Øystre Slidre kommune.

Me skal sikre stabile ordningar for finansiering av fellesgode (stigar, løyper, toalettilbod m.m.).

Me skal vera det fremste helseskapande reisemålet i landet for alle.

### 4.2 Oppvekstplan for Øystre Slidre kommune 2023 – 2026

Øystre Slidre kommune sin oppvekstplan er ein temaplan som skal gje langsiktige mål innanfor oppvekstfeltet. Oppvekstplanen skal varetake alle barn og unge i kommunen. Øystre Slidre skal vere ein god og trygg kommune å vekse opp i, og kommunen skal ha ein heilskapleg plan kring tilbodet til barn og unge. Oppvekstplanen er aktuell inn i arbeidet med kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Link til planen finn du [HER](#).

### 4.3 Kommunedelplan for helse og omsorg, 2025 – 2028

Kommunedelplanen for helse og omsorg 2025-2028 skal gje klare føringar for mål, prioriteringar og tiltak i helse og omsorgssektoren med stor vekt på førebyggjande arbeid for sårbare grupper. Planen har ein tilhøyrande handlingsdel som er eit viktig verktøy for tenester for å lukkast med både gjennomføring og resultat.

Link til planen finn du [HER](#).

### 4.4 Sti- og løypeplanen 2022-2026

Sti- og løypeplanen for 2022-2026 er ein temaplan for stiar og løyper i kommunen, og seier noko om ynskjeleg utvikling av ferdselsårer og forvaltning av dei. Planen er relevant særleg inn mot temaet friluftsliv.

Link til planen finn du [HER](#).

## 5. Resultatoppnåing i førre plan

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Øystre Slidre kommune 2022 – 2025 vart vedteken i kommunestyret 04.11.2021. Handlingsdelen i dokumentet vart sist rullert og vedteken i kommunestyret 19.12.2024.

Planen har fungert som styringsdokument for sakshandsaming i høve anleggsdelen. Fleire av tiltaka frå førre periode er realiserte.

Målsetjinga har vore å satse spesielt på å leggje til rette for eit mangfaldig aktivitetstilbod for barn og unge, mellom anna ved å bygge anlegg som er tilrettelagt for uorganisert/ eigenorganisert aktivitet.

## Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 - 2029

Det er gjennomført og sett i gang fleire tiltak retta mot desse måla. Det har også vore prioritert å leggje til rette for utvikling av Beitostølen stadion som arena for store meisterskap. Under følgjer ei oversikt av delmåla frå førre planperiode.

### 5.1 Resultatoppnåing - anlegg 2018 – 2021

Det er fullført ni (9) prosjekt i perioden. Det har blitt utbetalt kr. 5.536.700 i spelemiddel frå fylket. To prosjekt fekk innvilga søknad om spelemidlar, men valde å trekke søknaden då tiltaket ikkje vart gjennomført.

#### Ordinære anlegg

Anlegg	Eigar	Status	Spelemidlar frå fylket
Dagsturhytte, Furustrand	Øystre Slidre kommune	Fullført	431.000
Turveg, Furustrand	Øystre Slidre kommune	Fullført	600.000
ØSUS svømmehall	Øystre Slidre kommune	Fullført	1.587.000
Rjupetjednet trillestig	Øystre Slidre kommune	Fullført	305.000
Beitostølen Trail Arena	Øystre Slidre kommune	Fullført	1.000.000
Beitostølen rulleskiløype	Øystre Slidre idrettslag	Fullført	700.000

#### Nærmiljøanlegg

Anlegg	Eigar	Status	Spelemidlar frå fylket
Beitostølen frisbeegolf	Øystre Slidre idrettslag	Fullført	166.000
Beitostølen sykkelpark	Øystre Slidre idrettslag	Fullført	120.000
Rogne sykkelpark	Rogne idrettslag	Prosjektet er trekt	300.000
Rogne sykkelløype	Rogne idrettslag	Prosjektet er trekt	105.000
Klyppemyrhaugen ballslette	Øystre Slidre kommune	Fullført	458.000

## 6. Utviklingstrekk i kommunen

### 6.1 Befolkning

Øystre Slidre har positiv befolkningsvekst, og 1.kvartal i 2025 syner at kommunen har 3322 innbyggjarar. Talet på eldre er aukande, som resulterer i at det i framtida vil vere færre innbyggjarar i arbeidsdyktig alder. Talet på innvandrarar har auka sidan 2020, medan fødselstala er noko varierende, men det kan sjå ut som dei er litt synkande.

### 6.2 Oppvekst og levekår

Talet på born med foreldre på sosialhjelp er aukande i kommunen, og samanlikna med heile landet er det fleire familiar med born i alderen 0-17 år som leiger bustad. Blant tiandeklassingane i Øystre Slidre seier kring 70 % at dei trivst på skulen. Ungdataundersøkinga og sesjonskartlegging viser at ein

høgare del ungdomar er misnøgde med liva sine, trenar sjeldan og har høg førekomst av overvekt. Dette peikar på behovet for å styrkje innsatsen for å fremje helsebevisstheit og ansvar for eiga helse tidleg i livet.

### 6.3 Helserelatert åtferd

Overvekt og fedme er ei aukande utfordring målt med vekt blant gravide og blant deltakar på sesjon. Samtidig er det fleire enn før frå Øystre Slidre som rapporterer om lite trening ved sesjon.

### 6.4 Folkehelsebarometer 2023/2024

Folkehelsebarometera frå FHI (1) for 2023 (tabell 1) og 2024 (tabell 2) viser at Øystre Slidre kommune ligg signifikant betre enn landsgjennomsnittet når det gjeld dei grønne punkta, og signifikant dårlegare enn landet elles på dei raude:

- Vedvarande låginntekt
  - Unge som står utanfor arbeid, utdanning og opplæring
  - Born som bur trangt
  - Luftkvalitet
  - Unge som er nøgde med sosiale møteplassar
  - Psykiske symptom i befolkninga
  - Kvalitet på drikkevatn (2023)
  - Stønad til livsopphald
  - Gjeld større enn tre gonger inntekt
- 
- Innbyggjarar eldre enn 45 år som leiger bustad
  - Ungdom som trener sjeldnare enn vekentleg
  - Ungdom med overvekt eller fedme
  - Antibiotikabruk
  - Kvalitet på drikkevatn (2024)
  - Muskel og skjelett
  - Valdeltaking

## 7. Tilbod innan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i kommunen

På nettsida til [Øystre Slidre foreningsportal](#) finn ein informasjon om aktivitet i ulike lag og foreiningar.

### I tillegg finst kommersielle tilbod som: (lista er ikkje utfyllande)

- Beitostølen Helsesportsenter har offentleg bading to dagar i veka
- Beitostølen Radisson SAS – svømmehall og treningsstudio er ope for publikum heile året
- Feel24 Beitostølen – treningscenter
- Myhre Gård i Skammestein har ridesenter og innandørs ridehall
- Beitostølen Skiheiser AS har fleire slalåmbakkar på Beitostølen og i Raudalen
- Grønolen fjellgard – fjellguiden
- Beito Aktiv – klatring, juvvandring, rafting og skiskule
- Jotunheimen Mountaineering – fjellføring
- Bike Beitostølen – fjellsykling
- Beito husky tours – hundekjøring
- Vannaerobic på Beitostølen

### Tilrettelegging for uorganisert aktivitet

I tillegg til det organiserte tilbodet har kommunen ei rekke velforeiningar og grendelag som legg til rette for fysisk aktivitet i nærmiljøet: Krøsshaugen Vel, Høvshaugen Vel, Solhauglie Vel, Moane Vel, Løkjiskogen Vel, Volbu grendelag, Heggenes Vel, Midtre Hegge og Dale grendelag, Stølsie vel og fleire hyttevel.

Nærmiljøanlegga knytt til skular og barnehagar opnar for aktivitet året rundt, både i og utanfor skuletida.

Både Øystre Slidre fjellstyre og fleire grunneigarlag har lagt til rette for jakt og fiske, både med kortsal og med fysisk tilrettelegging for fiske. Fjellstyret har også arbeidd aktivt med tilrettelegging for friluftsliv i statsålmeningen. Det kan nemnast tiltak som å sette opp gapahukar, ha opne buar, merke turstigar, bygge bruer, leggje til rette for fiske, lage badeplassar og rasteplassar.

Øystre Slidre idrettslag organiserer stolpejakt i Øystre Slidre, med utsetting av stolpar i områda kring Beitostølen og Heggenes. Tilbodet er brukt av mange - både fastbuande og tilreisande.

Fjellstafetten er eit samarbeid mellom kommunen, fjellstyret og idrettslaga der kommunen legg til rette for 12 turmål kvar sumar med merking, skilting og konkurransar. Dei siste åra har deltakinga på Fjellstafetten gått ned.

Gjennom prosjektet Friluftslivets Ferdelsårer er det merka og digitalisert om lag 30 turmål som er registrert på nettsida Ut.no.

Om sumaren er det mogleg med bading og vassaktivitetar på Furustrand, eit kommunalt nærmiljøanlegg med sandstrand, stupetårn, grasmatte og sandvolleyballbane, båtbyggje, kanobryggje og dagsturhytte. Utstyrssentralen har utlån av kanoar, kajakkar, supbrett m.m. på Furustrand i heile skuleferien.

## Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 - 2029

Det svært gode skiløypetilbudet i kommunen er også resultatet av innsatsen frå mange frivillige i løypelaga: Beitostølen løypeforening, Yddin og Javnlie løypelag og Melladn turløyper.

Frisklivsrettleiaren stimulerer innbyggjarane til sunne levevanar gjennom trimtilbod og kosthaldsrettleiing.

Utstyrssentralen i Vindevegen har rikeleg av sports- og friluftsutstyr som blir lånt ut heile året.

Foreningsportalen er innført og ligg lett tilgjengeleg på kommunen sine heimesider, og er ei nettside Kommunen, aktive lag og foreningar legg sjølve ut informasjon på denne portalen om sine aktivitetar og arrangement.

## 8. Nye anlegg i planperioden

Ved varsel om planoppstart fekk kommunen fire innspel. Tre av desse syner til konkrete tiltak som er planlagt gjennomført i komande fireårsperiode der tiltakshavar ynskjer å søkje spelemidlar. Det fjerde innspelet peikar på konkrete behov og ynskjer for anlegg det skal arbeidast vidare med i planperioden.

### 8.1 Planlagde nye anlegg i planperioden

#### 8.1.1 Aktivitetspark ved ØSUS

Øystre Slidre kommune har sett i gang eit prosjekt for å ruste opp uteområdet ved Øystre Slidre ungdomsskule. Kommunen har gjennomført ein omfattande forarbeid med å kartlegge ynskjer og behov for uteområdet, som har involvert elevar, lærarar, administrasjonen, dei kommunale råda, idrettslaga m. fleire. Målet er å skape ein variert "folkepark" som også kan nyttast utanom skuletida. Aktivitetsparken består av fleire element og delprosjekt; rehabilitering av sandvolleyballbanen, sykkelstig/pumptrack, ballbinge, streetbasket-bane, husker, trampoliner og trimpark. Området skal lysettast for bruk på kveldstid. Prosjektet er påbegynt i 2025, og er venta ferdigstilt til fellesferien 2026. Kommunen vil søkje spelemiddel til prosjektet som aktivitetspark, under ordninga for ordinære anlegg.

#### 8.1.2 Aktivitetspark ved Volbu grendehus

Volbu grendelag ynskjer å legge til rette for meir aktivitet i Volbu gjennom fleire delprosjekt ved grendehuset dei komande åra. Prosjektet har som mål å skape meir aktivitet ved grendehuset, og legge til rette for at fleir vil ynskje å busette seg i Volbu. Tiltaka dei har spelt inn er:

- Rehabilitering av fotballbanen / oppføring av ballbinge

- Oppføring av gapahuk som kan nyttast til fleire føremål, som bål plass, takoverbygg, scene eller tribune.
- Leikeplass/treningspark – utskifting av eksisterande apparat med 5-6 nye leike- eller treningsapparat tilpassa ulike aldersgrupper.

### 8.1.3 Ulike utbetringar og nye anlegg ved Beitostølen Stadion

Beitostølen Stadion jobbar kontinuerleg med å utvikle aktivitetsmoglegheitene ved stadionanlegget. Dei er opptekne av å legge til rette for at fleire kan nytte anlegget uavhengig av funksjonsevne, og å halde anlegget oppdatert slik at det tilfredstiller krava for arrangør av nasjonale og internasjonale skirenn. Dei planlagde prosjekta er:

#### Oppgradering av skiskyttaranlegget

Omfattar oppgradering av eksisterande skiskyttaranlegg med 30 skiver, og installasjon av blyfangarar for å møte c-lisenskrav, og å legge til rette for framtidige nasjonale konkurransar. Beitostølen skistadion har søkt om å arrangere Norges Cup i skiskyting i 2025/26 og NM i 2027, som krev denne oppgraderinga jfr. nye krav.

#### Tilrettelegging av stigar og løyper

Samarbeidsprosjekt med Beitostølen løypeforening for å utbetre tilgjengelegheita i eksisterande tur- og løypenett, gjennom tiltak som grusing, utjamning av terreng, nye stigar, å betre tilgangen til aktivitetsområde og ulike sikringstiltak.

#### Løyper som passar alle

Samarbeidsprosjekt med Beitostølen Helse- og idrettsenter og INKLU-prosjektet og å etablere to nye heilårstrasear på 0,8 og 2,5 km tilpassa barn, unge og parautøvarar ved Beitostølen stadion.

#### Frisbeegolfbane

Etablering av ny 6-kurvers frisbeegolfbane i flatt og tilgjengeleg terreng, som eit lågterskeltilbod tilpassa rullestol, barnevogn og nybyrjarar.

#### Trillestig langs Grønn 4 til Abbortjern

Samarbeidsprosjekt med Beitostølen løypeforening og Øystre Slidre kommune om eit nytt tiltak for å utbetre ein eksisterande del av løypenettet som trillestig frå Beitostølen Stadion mot Abbortjern. Tiltaket omfattar utjamning, grusing og merking, og vil gje ein naturskjønn og tilgjengeleg trasé for personar i rullestol, med barnevogn eller gåande i lett terreng.

### 8.1.4 Rogne kunstgrasbane

Rogne idrettslag møter utfordringa ved det nyleg vedtekne forbodet mot sal av gummigranulat som innfyllingsmateriale i kunstgrasbanar som blir gjeldande frå 2031.

Idrettslaget planlegg å byte ut innfyllingsmaterielt i løpet av planperioden, men er framleis usikre på kva materiale dei skal byte til. Stadionanlegget er det fremste fotballanlegget i kommunen, og er viktig å rehabilitere for å sikre framtidig aktivitet.

### 8.1.5 Furustrand friområde

Kommunen er i gang med eit større prosjekt for å utvikle Furustrand som friområde. Prosjektet har bakgrunn i Moglegheitsstudien for utvikling av tettstadene Heggenes-Tingvang frå 2020. Prosjektet inneheld ulike tiltak. Tidlegare er det etablert trillestig frå Furustrand til Helsetunet, og etablering av Dagsturhytte. I 2026 planlegg kommunen rehabilitering av kiosk- og toalettbygget, nytt utstyrslager for vassaktivitet, opprusting av bryggeanlegget med ny brygge med badebinge, utsettingsbrygge for kano/kajakk og badstove og eit leike-/aktivitetsanlegg.

### 8.1.6 Nærmiljøanlegg i Heranglie bustadområde

Kommunen har lagt til rette for eit nytt bustadfelt i Heranglie på Heggenes. I dei vedtekne planføresegnene til reguleringsplanen - Rekkefølgeføresegn pkt. 3 - heiter det at nærmiljøanlegget i planen skal vere rydda og tilrettelagt før det blir gjeve ferdigattest for meir enn fem brukseiningar.

## 8.2. Anlegg det er meldt behov for

### 8.2.2 Idrettshall midt i kommunen

Hausten 2023 gjennomførte kommunen ei innspelsrunde for å kartlegge behovet for ny idrettshall i kommunen. Innspela gav eit breitt bilde av at mange i kommunen ynskjer seg ein idrettshall sentralt plassert og lett tilgjengeleg i kommunen. Prosessen vart stoppa av kommunestyret i behandling av budsjett og økonomiplan i desember 2023.

Avstandane til Beitostølen, Fagernes og Leira blir peika på som ei utfordring som gjer til at det blir for lang reiseveg for enkelte. Dei eksisterande gymsalane i kommunen (med unntak ved BHSS) er små og dårleg eigna for fleire av aktivitetane ein ynskjer å drive. Idretten slit med små miljø og stort fråfall - noko ein truleg kan motverke ved å etablere ein hall midt i bygda, der ein kan samle barn og unge frå sør og nord til felles organiserte aktivitetar. Ein idrettshall er også framheva som ein viktig samlingsarena for bygdefolket, som kan fungere både som idrettsarena, samlingsplass og kulturbygg.

I 2026 skal kommunen greie ut behovet for ny skulestruktur. Ei ny vurdering av idrettshall er avhengig av utfallet i prosessen om framtidig skulestruktur.

### 8.2.3 Leikeapparat og utvikling av skuleområdet på Rogne skule

Det er påpeikt behov for utbetringar av skuleområdet ved Rogne skule. I 2025 gjennomførte kommunen ein moglegheisstudie for skuleområdet, som resulterte i ein rapport som syner aktuelle små og store tiltak som kan gjennomførast på kort og lang sikt. Kommunen har sett av midlar i økonomiplanen for 2026-2029, der enkelte tiltak skal bli gjennomført i 2026.

I tillegg planlegg Rogne il fleire nye tiltak, i form av sykkelløype, frisbeegolfbane og bane for padeltennis ved Rogne skule/stadion i planperioden.

## 8.3 Varierte og tilgjengelege anlegg i heile kommunen

Kommunen må ha gode, varierte og tilgjengelege nærmiljøanlegg i heile kommunen. Dette gjeld både ved skulane, men også i dei områda der det bur folk. Mange av dagens anlegg er like og lite varierte, og ber preg av å vere tilrettelagt for ballspel. I åra framover blir det viktig å tenkje over korleis ein byggjer anlegg, og kva aktivitet ein ynskjer å oppnå med dei – noko som kan påverke tanken om kva slike anlegg skal innehalde.

## 9. Handlingsdel

Kommunal plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet sin handlingsdel fortel korleis planen skal følgjast opp dei fire neste åra. Revisjon av heile planen skal gjennomførast kvar planperiode, altså kvart 4.år. Handlingsdelen skal rullerast årleg, og syne framdrift og satsing på dei aktuelle tiltak og prosjekta i planen.

### 9.1 Mål og aktuelle tiltak

Overordna mål for planperioden er *fysisk aktivitet for alle*. Kommunen si viktigaste oppgåve er å gje alle innbyggjarar høve til å drive fysisk aktivitet og friluftsliv ut frå eigne forutsetningar.

Hovudmålgruppene er barn og unge, eldre, fysisk inaktive og menneske med nedsett funksjonsevne. Lågterskeltilbod og aktivitet som vender seg mot den inaktive delen av befolkninga skal prioriterast. Målet er at kommunen skal tilby eit variert og godt aktivitetstilbod til heile befolkninga.

#### 9.1.1 Barn og unge

Grunnlaget for gode vanar og unges fritidsinteresser blir lagt i tidleg skulealder. Difor er det ekstra viktig at kommunen legg godt til rette for friluftsliv og fysisk aktivitet for barn og unge.

*Aktuelle tiltak:*

- Gode føresetnadar for fysisk aktivitet i grunnskule, barnehage og SFO.
- Utvikle- og vedlikehalde nærmiljøanlegga ved skulane.
- Stimulere barn og unge til å bruke nærmiljøanlegga ved skule/barnehage både i friminutt og på fritida.
- Lag og foreiningar som tilbyr aktivitet for barn og unge skal prioriterast ved tildeling av tilskot.
- Kommunen skal oppfordre lag og foreiningar til å ha eit mangfald av aktivitetstilbod for barn og unge, der også dei uorganiserte blir teke vare på.
- Lag og foreiningar betaler ingen leige av kommunale gymsalar.
- Gang- og sykkelveg langs heile FV 51 slik at alle barn kan sykle trygt til skulen.
- Kommunen skal tilby enkelt friluftsliv gjennom turkonkurransar og enkeltarrangement.
- Utstyrssentral
- Foreningsportalen, oppretthalde og vidareføre

#### 9.1.2 Fysisk inaktive

Mange barn og unge sluttar med organisert trening i tenåra. Lågterskelaktivitet med trygge rammer der fellesskap og trivsel blir særleg vektlagt, kan bidra til at fleire ynskjer å vera fysisk aktive.

*Aktuelle tiltak:*

- Trimtilbod i regi av friskliv- og frivilligsentralen skal oppretthaldast og vidareutviklast.
- Skulane motiverer inaktive barn og unge til å bli med på minst ein fysisk fritidsaktivitet i veka.
- Opprette aktivitetskoordinator i kommunen som har særleg ansvar for dette.

## Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 - 2029

- Folkehelsekoordinator og frisklivsrettleiar stimulerer inaktive i alle aldrar til å delta i trimgrupper og turkarusellar (Fjellstafetten, Kremtoppar, m.m)
- Stimulere lag og foreiningar til å leggje til rette for lågterskelaktivitet, gjerne på tvers av generasjonar.

### 9.1.3 Menneske med nedsett funksjonsevne

Kommunen vil arbeide målretta for at alle, uavhengig av funksjonsevne, skal kunne delta i aktivitetar og oppleve friluftslivet gjennom universell utforming, god tilrettelegging og tett samarbeid med brukarar og lokale aktørar.

Ei av dei største barrierane for lik deltaking er manglande fysisk tilrettelegging. Difor skal nye tiltak planleggjast og gjennomførast med universell utforming som hovudregel, slik at dei kan nyttast av alle på lik line utan behov for seinare tilpassingar. Der full universell utforming ikkje er mogleg, skal det gjerast rimelege tilpassingar. Like viktig er det å ta tak i andre kjende barrierar, som manglande informasjon eller utydeleg merking. Tilgjengeleg og brukartilpassa informasjon – både digitalt og fysisk, gjennom skilting og merking i terrenget – skal gjere det enkelt for alle å finne fram til gode tilbod.

Kommunen skal ha eit heilskapleg blick på tilrettelegging, slik at mangfaldet av aktivitetstilbod – turstiar, sykkelløyper, skiløyper, badeplassar, fiskeplassar og idrettsanlegg – inngår i ei samanhengande «tilgjengelighetsskjede». Dette inneber at informasjon, parkering, toalett og sjølve aktivitetsområdet skal fungere godt for alle. Det skal leggjast særleg vekt på å etablere universelt utforma utedoar, sanitæranlegg og parkeringsplassar nær sentrale opplevingspunkt.

Arbeidet skal skje i tett samhandling mellom kommunen, frivilligheita, næringslivet, forskings- og utviklingsmiljø (særleg Beitostølen Helsesportsenter) og ikkje minst brukarane sjølve. Brukarinvolvering er avgjerande for å sikre at løysingane dekkjer reelle behov og bidreg til auka deltaking og fellesskap.

Kommunen arbeider strategisk med kartlegging, prioritering og planlegging for eit tilrettelagt friluftsliv.

#### *Aktuelle tiltak:*

- Tilrettelegging av skiløyper, tur- og sykkelstiar i samarbeid med løypelag og andre lokale aktørar. Døme på tiltak er å utbetre helling og stigningsgrad, samt betre dekke der det er mogleg.
- Forbetre tilrettelegginga ved eksisterande badeplassar, fiskeområde, møteplassar og friareal, som til dømes Furustrand eller Garli. Tiltak kan vere tilgjengelege kvileplassar, gapahukar og bålplassar.
- Tilrettelegging av idrettsanlegg og arenaer, som Beitostølen Stadion, for universell bruk.
- Etablering av universelt utforma utedoar, sanitæranlegg og parkeringsplassar i umiddelbar nærleik til opplevingspunkt.
- Tilgang på aktivitetshjelpemiddel via utstyrssentralen.

## Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 - 2029

- God skilting, merking og informasjon.
- Digital informasjon på kommunen sine og samarbeidspartnarar sine nettsider og kanalar.

Målet er å skape eit inkluderande lokalsamfunn der alle, uavhengig av funksjonsevne, kan delta aktivt, oppleve naturen og ta del i fellesskapet.

### 9.2 Nye anlegg

#### 9.2.1 Følgjande ordinære anlegg er planlagt i 2025-2029

Eigar / utbygger	Anlegg	Stad	Total kostnad	Kan søke om	Søkeår	Søknads-status
Beitostølen Stadion ØSIL	Oppgradering skiskytteranlegg	Beitostølen	1.000.000	330.000	2026	ny
Øystre Slidre kommune	Aktivitetspark ØSUS	ØSUS	12.000.000	2.000.000	2026	Ny
Beitostølen Stadion / ØSIL	Løyper som passer alle	Beitostølen	600.000	300.000	2026	Ny
Beitostølen stadion AS	Turvegar/løyper	Beitostølen	1.000.000	500.000	2026	Ny
Rogne idrettslag	Rehabilitering kunstgrasbane	Rogne stadion	4.000.000	1.333.000	2027	Ny
Rogne idrettslag	Etablere lysløype rundt fotballbanen	Rogne	?	?	?	Ny
Rogne Idrettslag	Padeltennis utendørs	Rogne	200 000	300 000	2027	Ny
Rogne Idrettslag	Padeltennis innendørs	Rogne	?	300 000	2027	Ny
Rogne Idrettslag	Lager-garderober kiosk	Rogne	330 000	110.000	2028	Ny
Rogne Idrettslag	Sykkelbane / Pumptrack	Rogne	?	300 000	2029	Ny

#### 9.2.2 Følgjande nærmiljøanlegg er planlagt i 2025-2029

Eigar / utbygger	Anlegg	Stad	Total kostnad	Kan søke om	Søkeår	Søknads-status
Beitostølen Stadion / ØSIL	Frisbeegolfbane	Beitostølen	250.000	125.000	2027	Ny
Rogne idrettslag	Diskgolf-frisbee-golf	Rogne skule	148.000	74.000	2027	Ny
Rogne idrettslag	Skileik – tilpassing av terreng	Rogne skule	600.000	300.000	2027	Ny

## Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 - 2029

Volbu grendeleg	Gapahuk	Volbu grendehus	400.000	200.000	2027	Ny
Volbu grendelag	Ballbinge/ballslette	Volbu grendehus	300.000	150.000	2027	Ny
Volbu grendelag	Leikeplass/treningspark	Volbu grendehus	400.000	200.000	2027	Ny
ØSIL Beitostølen Stadion	HC-parkering og rullestolrampe på stadion	Beitostølen stadion	400.000	200.000	2027	Ny
ØSIL Beitostølen Stadion	Døropnar, ramper, skilt	Idrettens hus	500.000	250.000	2027	Ny
Rogne idrettslag	Tuftepark- utendørs	Rogne skule	500.000	250.000	2028	Ny
Beitostølen stadion / ØSIL	Trillesti	Beitostølen, Abortjern	350.000	175.000	2028	ny
Øystre Slidre kommune	Ballslette aktivitetspark	Heranglie bustadfelt	1.500.000	300.000	2028	Ny
Beitostølen løypeforening	Utbetre sykkelsti med møteplassar og breidde	Garli	200.000	100.000	2028	Ny
Øystre Slidre kommune	Leikeapparat/aktivitetsløype	Furustrand	1.500.000	300.000	2029	Ny
Øystre Slidre kommune Rogne skule	Leikeapparat	Rogne skule	1.500.000	0	2029	Ny
Øystre Slidre kommune	Trillesti og skiløypetrasé	Grønn 1 Beitostølen	?	?	?	Ny
Øystre Slidre kommune	Fleirbrukstrasé	Garli-BHSS	?	?	?	Ny

### 9.3 Drift og vedlikehald

Det er anleggseigar/utbyggjar som er ansvarleg for drift og vedlikehald av anlegga.

### 9.4 Finansiering

Kommunar, lag og organisasjonar kan søkje spelemiddel hjå Kultur- og likestillingsdepartementet. Søknaden skal gå via kommunen og fylket, og vera med i rulleringa av kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet.